

## Vestnes kommune

# GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE

*Vedteke i kst-sak 51/2006 og 84/2007. Sist også revidert for ny utvalsstruktur i kst-sak 50/2007, og ny ordførargodtgjersle m.m. i kst-sak 55/2007.*

### Reglement om godtgjersle til folkevalde i Vestnes kommune.

#### 1. Skyssgodtgjersle

- 1.1 Kommunale folkevalde får reise- og kostgodtgjersle i samsvar med kommunelova og staten sitt regulativ for reiser innanlands.
- 1.2 Godtgjersla for eigen bil skal følgje staten sine satsar for liten bil.
- 1.3 Passasjertillegg blir gjeve etter gjeldande sats i staten sitt regulativ.

#### 2. Tap av inntekt / påførte utgifter

- 2.1 Legitimert tap av inntekt / påførte utgifter blir dekt med inntil kr. 1800 pr. dag, og kan søkjast dekt av den tillitsvalde sjølv (ved permisjon utan løn) eller av arbeidsgjevaren (ved permisjon med løn.)
- 2.2 Ikkje legitimert tap av inntekt / påførte utgifter kan den tillitsvalde søkje å få dekt med inntil kr. 900,- pr. dag, og må stadfestast med eigenerklæring og eventuelle underbilag.
- 2.3 Ulegitimerte utgifter til barnepass, tilsyn av eldre/funksjonshemma eller tilsyn med næringsverksemd, kan søkjast dekt med inntil kr. 150,- pr. time. Maksimum kr. 600 pr. møte.

#### 3. Godtgjersle

- 3.1 Ordførar skal ha ei fast godtgjersle lik 9 G (grunnbeløpet i folketrygda). Godtgjersla blir regulert pr. 1. mai kvart år. Godtgjersla gir ikkje rett til feriepengar og blir utbetalt i 12 like, månadsrater. Ordførar mottek ikkje møtegodtgjersle. Ordføraren har elles rettar og plikter slik Vestnes kommunestyre har gjort vedtak om i sak 50/2007.
- 3.2 Varaordførar skal ha ei fast godtgjersle på 8% av ordførar si godtgjersle. Godtgjersla blir regulert pr. 1. mai kvart år. Godtgjersla gir ikkje rett til feriepengar og blir utbetalt i 12 like, månadsrater. Varaordførar mottek ikkje møtegodtgjersle. Varaordføraren har elles rettar og plikter slik Vestnes kommunestyre har gjort vedtak om i sak 50/2007.
- 3.3 *Utvalsleiar i driftsutvalet og utvalsleiar i planutvalet skal ha ei fast godtgjersle på 8% av ordførar si godtgjersle. Godtgjersla blir regulert pr. 1. mai kvart år. Godtgjersla gir ikkje rett til feriepengar og blir utbetalt i 12 like, månadsrater. Desse utvalsleiarane mottek ikkje møtegodtgjersle.*
- 3.4 *Leiar av administrasjonsstyre og kontrollutval samt medlemane i formannskap, driftsstyre og planutval får ei godtgjersle pr. møte lik 2 o/oo av ordføraren si årsgodtgjersle .*
- 3.5 *Medlemar av kommunestyre, kontrollutval, valstyre, administrasjonsstyre og klientutval får godtgjersle pr. møte lik 1 o/oo av ordføraren si årsgodtgjersle.*

- 3.6 Møtande varamedlemar i faste, politiske utval (kommunestyre, formannskap, driftsstyre, planutval, kontrollutval, valstyre, administrasjonsstyre og klientutval), får same møtegodtgjersle som faste medlemar. Nestleiar har same godtgjersle som medlemane. Dersom nestleiar fungerer som leiar på møte i administrasjonsstyre og kontrollutval, får han/ho same godtgjersle som leiar. Møter eit medlem i del av møtet, inntil halvparten av møtet, vert det halv møtegodtgjersle.
- 3.7 Leiar og sekretærar for nemnder og underutval oppnemnd av kommunestyre, formannskap, driftsstyre og planutval, skal ha ei møtegodtgjersle på 0,8 o/oo av ordføraren si løn og eventuelt tapt arbeidsforteneste.
- 3.8 Medlemar for nemnder og underutval oppnemnd av kommunestyre, formannskap, driftsstyre og planutval, skal ha ei møtegodtgjersle på 0,4 o/oo av ordføraren si løn pr. møte og eventuelt tapt arbeidsforteneste.
- 3.9 Andre folkevalde nemndmedlemar oppnemnt av kommunen, får også ei møtegodtgjersle på 0,4 o/oo av ordføraren si løn og eventuell tapt arbeidsforteneste.

#### **4. Telefongodtgjersle**

- 4.1 Ordførar skal ha kommunal telefon.
  - a) Varaordførar, leiar av driftsutval og leiar av planutval får kvar utbetalt telefongodtgjersle med kr. 200,- pr. måned.

#### **5. Rutiner**

- a. Rekning/skjema for utfylling for reise og av tapt arbeidsforteneste skal innlevert til møtesekretæren etter kvart møte.
- b. Dersom det er rom for ulike tolkingar av ovanståande retningsliner, skal dette avklarast av Vestnes formannskap.

*Vedteke av Vestnes kommunestyre sak 84/2007.*

\*\*\*\*\*